

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 19. februar 2025
Tid: kl. 18.00
Sted: Bokn Arena, møterom 1. etasje

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979 eller
e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside www.bokn.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Kommunedirektøren er invitert

SAKLISTE:

01/25 Godkjenning av protokoll frå møtet 13.11.24

02/25 Orientering frå administrasjonen om «oppvekst, kultur og idrett»

03/25 Oppfølging av revisjonsrapport – «Bokn skule - arbeidsmiljø»

04/25 Årsmelding for kontroll- og kvalitetsutvalet 2024

05/25 Referat- og orienteringssaker

Ymse

Aksdal, 11.02.25

Olav Lande Rossebø
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utdal	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.02.25	01/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 13.11.24**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 13.11.24 blir godkjent slik den ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 13.11.24

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontroll- og kvalitetsutvalet sitt møte 13.11.24 følgjer vedlagt. Protokollen er lese igjennom og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet og er sendt kommunen slik den ligg føre. Det har ikkje kome merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 11.02.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **13. november 2024** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiding av leiar Olav L. Rossebø.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.10
MØTANDE MEDLEMER:	Olav L. Rossebø (H), Anne Løvereide Faye (Uavh.), Sondre Tveita (Sp) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
FORFALL:	Daghild G. Alvestad (Uavh.)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Marit Alvestad (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJONEN IKS:	Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef teknisk Michael Gräfe i sak 23
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 22/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.09.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 18.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 18.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 23/24 ORIENTERING OM TEKNISK V/KOMMUNALSJEF**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef teknisk Michael Gräfe si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Kommunalsjef teknisk Michael Gräfe viste ein presentasjon og orienterte om sitt arbeids- og ansvarsområde. Han gjorde greie for oppgåvene til dei ulike avdelingane som er: drift og investering, eigedomsforvaltning, samferdsel og utemiljø, vatn og avlaup, plan og byggsak, brann og redning (HBR).

Han gjekk nærare inn på dei ulike arbeidsoppgåvene, talet på tilsette, sjukefråvær, budsjettrammer og kjøp av tenester frå Karmøy. Kommunen har ca. 11 000 m² med bygningar som skal vedlikehaldas, 21 km med kommunale vegar og 30 km med vassleidningar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna auke i kostnader til teknisk, brøyting, effektivisering og automatisering, bakgrunn/utdanning til vaktmeistrane og utnytting av dei økonomiske ressursane.

Utvalsleiar takka for ei god og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef teknisk Michael Gräfe si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 24/24 BESTILLING AV REVISJONSPROSJEKT – «INTEGRERING AV FLYKTNINGAR»**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Integrering av flyktningar» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 31.10.24.

Ramma for prosjektet blir sett til 140 timar.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah gjorde greie for prosjektmandatet.

Medlemmene drøfta framlegget og kom med fleire innspel til fokusområder, avgrensingar og spissing av problemstillingane. Utvalet støtta leiar sitt framlegg om å legge til ei problemstilling om økonomiske forhold.

Revisor noterte seg innspela og vil utarbeide eit oppdatert prosjektmandat.

Leiar fekk fullmakt til å godkjenne det oppdaterte prosjektmandatet. Medlemmene vil få det til gjennomlesing.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Integrering av flyktningar» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 31.10.24 og med dei endringane som kom fram i møtet. Ramma for prosjektet blir sett til 140 timar.

Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne det oppdaterte prosjektmandatet.

SAK 25/24 MØTEPLAN FOR 2025**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:
onsdag 19. februar, 14. mai, 3. september og 12. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Leiar gjorde greie for framlegget. Medlemmene var nøgde med å ha møta på kveldstid og framlegget til møtedatoar.

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

onsdag 19. februar, 14. mai, 3. september og 12. november kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 26/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

20. Statusrapport pr. november 2024

21. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24

22. Protokoll frå møte i Haugalandsrådet 25.10.24

23. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24

24. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29. - 30. januar 2025 på Gardermoen

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Leiar oppmoda til at dei burde reise på NKRF sin konferanse og gjerne fleire i lag, for å få større utbytte.

Olav Rossebø og Hans Jørgen Ognøy meldte si interesse for å reise. Medlemmene gir beskjed til sekretariatet om dei ønskjer å delta så snart som mogleg.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 13.11.24:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 20 - 24 til orientering.

Møte nr. 4/24

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 19.02.25, kl. 18.00

Saker: orientering om oppvekst, kultur og idrett, oppfølging av revisjonsrapport «Bokn skule - arbeidsmiljø» og utvalet si årsmelding for 2024.

Bokn/Aksdal, 13.11.24

Olav L. Rossebø
Leiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.02.25	02/25
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

ORIENTERING OM OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunalsjef for «oppvekst, kultur og idrett» si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtok i møtet 21.02.24 ein plan for orienteringar om resultateiningane i kommunen. Vedtaket var følgjande:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

22.05.24	administrasjonen v/kommunedirektør
18.09.24	helse og omsorg v/kommunalsjef
19.02.25 (13.11.24)	oppvekst, kultur og idrett v/kommunalsjef
13.11.24 (1. møte 2025)	teknisk sjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	administrasjon v/kommunalsjef
4. møte 2025	personalsjef

Tidsramma vert sett til 30 minuttar inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontroll- og kvalitetsutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står overfor. Sekretariatet har sendt planen/invitasjonen til kommunedirektøren.

Det har blitt gjort endringar i planen etter at den blei vedteken i februar 2024. Teknisk sjef deltok i møtet 13. november. Kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett vil orientera i møtet 19.02.25.

Aksdal, 11.02.25

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.02.25	03/25
Kommunestyret		
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		216

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «BOKN SKULE - ARBEIDSMILJØ»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Bokn skule - arbeidsmiljø» til orientering.

Vedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 06.02.25

Bakgrunn

Bokn kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 23.04.24 følgjande:

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn skule - arbeidsmiljø» og tek denne til orientering.

2. Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av tilrådingane, og ber kommunen sikre at det:

• iverksettes tiltak som sikrer de lovpålagte oppgavene innenfor det systematiske HMS arbeidet på Bokn skole. Det inkluderer å

- planlegge og gjennomføre HMS-møter med tillitsvalgte og verneombud i tråd med Bokn kommunes veileder for HMS-grupper*
- involvere ansatte i HMS-arbeidet på skolen*
- gjennomføre risikovurderinger med tilhørende handlingsplaner i samarbeid med ansatte og deres representanter*
- arbeide med å skape en forståelse for hva som er avvik på Bokn skole, sikrer tilstrekkelig opplæring i avvikssystemet og oppmuntrer ansatte til å melde avvik*
- gjennomføre vernerunder og medarbeidersamtaler årlig*

• blir gjennomført systematisk samarbeid mellom ledelsen, lærere og fagarbeidere på Bokn skole

• det er tilstrekkelig ressurser i ledergruppen for å følge opp lovpålagte oppgaver.

BOKN KOMMUNE

Saksframlegg

3. Bokn kommunestyre ber kommunedirektøren sørge for at tiltaka blir lagt inn i skulens årshjul så snart som mogleg, og seinast innan 01.08.24.

4. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Formålet med prosjektet var å undersøke hvordan skolen jobber for å få til et godt psykososialt arbeidsmiljø.

Revisjonen kom med følgjande tilrådingar:

- *I hvilken grad har skolen etablert tiltak for å fremme et godt psykososialt arbeidsmiljø?*
- *Hvordan fungerer samarbeidet mellom fagarbeiderne, undervisningspersonellet og ledelsen?*
- *Hvordan opplever de ansatte det psykososiale arbeidsmiljøet på skolen?*
- *I hvilken grad er tillitsvalgte og verneombud involvert i arbeidsmiljøarbeidet?*

Oppfølging/tilbakemelding

I vedlagt brev av 06.02.25 har kommunedirektøren gjort greie for status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp. Ho har punktvis forklart korleis alle tilrådingar frå revisor har blitt følgt opp.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontroll- og kvalitetsutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontroll- og kvalitetsutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner at tilbakemeldinga frå kommunedirektøren syner at administrasjonen har følgt opp tilrådingane på ei god måte. Dei har fått på plass betre rutinar, omorganisering har gitt gode resultat og tilbakemeldingar frå personalmøte er positive.

Aksdal 11.02.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

Dato: 06.02.2025

Dokumentnummer: 24/38-7

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

Tilbakemelding til kontroll - og kvalitetsutvalet forvaltningsrevisjon arbeidsmiljø Bokn skule

Kontroll – og kvalitetsutvalet fatta 21.02.24 følgjande vedtak :

1. Bokn kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapport om «Bokn skule - arbeidsmiljø» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av tilrådingane, og ber kommunen sikre at det:

iverksettes tiltak som sikrer de lovpålagte oppgavene innenfor det systematiske HMS- arbeidet på Bokn skole. Det inkluderer å

- planlegge og gjennomføre HMS-møter med tillitsvalgte og verneombud i tråd med Bokn kommunes veileder for HMS-grupper
- involvere ansatte i HMS-arbeidet på skolen
- gjennomføre risikovurderinger med tilhørende handlingsplaner i samarbeid med ansatte og deres representanter
- arbeide med å skape en forståelse for hva som er avvik på Bokn skole, sikrer tilstrekkelig opplæring i avvikssystemet og oppmuntrer ansatte til å melde avvik
- gjennomføre vernerunder og medarbeidersamtaler årlig
- blir gjennomført systematisk samarbeid mellom ledelsen, lærere og fagarbeidere på Bokn skole
- det er tilstrekkelig ressurser i ledergruppen for å følge opp lovpålagte oppgaver.

3. Bokn kommunestyre ber kommunedirektøren sørge for at tiltaka blir lagt inn i skulens årshjul så snart som mogleg, og seinast innan 01.08.24.

4. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Kommunedirektøren gir følgjande tilbakemelding:

- *Planlegge og gjennomføre HMS-møter med tillitsvalgte og verneombod i tråd med Bokn kommunes veileder for HMS-grupper*

For å sikra eit godt samarbeid har HMS-gruppa planlagt fleire møter i løpet av året. Desse møtene skjer i tråd med kommunes veileder for HMS-grupper, og det blir lagt vekt på å involvere både tillitsvalgte og verneombod.

Det har vore møter 07.05.24, 21.10.24 og 07.01.25

Møteplan framover blir i forkant av AMU-møte, 4 gonger i året.

Datoar for AMU i 2025: 24.mars, 26.mai, 22.september og 24.november

- *Gjennomføre risikovurderingar med tilhøyrande handlingsplanar i samarbeid med tilsette og deira representantar*

Skulen har starta arbeidet med risikovurderingar. Me har invitert inn rådgevar frå bedriftshelsetenesta til å hjelpa oss med dette. Dette arbeidet blir ein del av beredskapsplanen til skulen.

Me har rutiner for:

Oppfølging av sjukefråvær

Rutine for førebygging og handtering av vald og truslar på arbeidsplassen

Rutine for handtering og ivaretaking av tilsette i etterkant av alvorlege hendingar på arbeidsplassen

- *Involvere tilsette i HMS-arbeidet på skulen*

Skulen har på personalmøtet 15.05.24 gjennomgått HMS-undersøkinga frå førre skuleår, og jobba vidare med denne. Ny arbeidsmiljøundersøkelse blei gjennomført på plandagen 20.01.25

Resultata av denne blei jobba med i grupper på personalmøte 22.01.25.

Me arbeida med bevaringspunkter og utfordringspunkter. Etter mal frå arbeidsmiljøhjelpen sitt bransjeprogram. Ut frå desse innspela vil me laga eit forslag til handlingsplan som vert drøfta på neste personalmøte 19.mars.

- *Arbeid med å skapa forståelse for kva som er avvik på Bokn skule, sikrer tilstrekkeleg opplæring i avvikssystemet og oppmunttrar tilsette til å melde avvik*

På personalmøte 15.05.24 blei det gjennomgått rutiner for avvik og opplæring i avvikssystemet Compilo. Dette er og eit fast tema på plandagane ved skulestart.

Det er planlagt 4 personalmøter skuleåret 24/25: 13.08., 22.01., 19.03. og 04.06.

Innhald på personalmøtene: Brannrunder, sikkerhetsrutiner, sikkerhetsutstyr, førstehjelpskurs, årlig oppdatering for arbeidsmiljøet.

- *Gjennomføre vernerundar og medarbeidersamtalar årleg*

Det blei gjennomført vernerunde 24.01.24 med fokus på spesialrom som personalrom, mat og helse, musikkrom, naturfagrom og kunst/handverk.

Ny vernerunde blei tatt 28.01.25 med dei same romma som sist.

Skulen er i gong med medarbeidersamtalar, desse skal gjennomførast vår 25

- *Blir gjennomført systematisk samarbeid mellom leiinga, lærarar og fagarbeiderar på Bokn skule.*

Skulen har frå i haust lagt felles møtetid på tysdagar frå 14:30 til 15:30

Alle tilsette har arbeidstid i dette tidsrommet, og tida¹ blir brukt til klassemøter, teammøter og samarbeid.

- *Det er tilstrekkeleg resurssar i leiargruppa for å følge opp lovpålagte oppgåver*

Det har frå hausten 2024 vore ei omorganisering i leiargruppa. Denne består av kommunalsjef/rektor, to avdelingsleiarar og administrasjonsleiar.

Resultatet av dette er betre fordeling av oppgåver

LITT FRÅ TILBAKEMELDINGAR PERSONALMØTE:

På personalmøtet skreiv dei ulike gruppene kva som var viktig med vårt arbeidsmiljø gjennom å skriva 3 avsnitt til ein artikkel. Dette arbeidet ba me Chatgtp om å oppsummera:

Bokn Skule er et sted preget av åpenhet, raushet og samarbeid. Skolen har et godt arbeidsmiljø, der lærere og ansatte møter hverandre med respekt, humor og omsorg. Alle har muligheten til å dele sine meninger, og det er rom for å gjøre feil, noe som skaper et trygt læringsmiljø. Elevene er aktive og vennlige, og de voksne møter dem med humor og omsorg.

Skolen har et sterkt fellesskap, og kollegene samarbeider tett på tvers av alder og erfaring. Ledelsen har en god innflytelse på arbeidsmiljøet, og skolens verdier er preget av rause holdninger og respekt. Skole- og hjem samarbeidet fungerer godt, og lærerne jobber for å ruste elevene for fremtiden.

Skolen tilbyr også små goder som kaffe og kaker til pauser, og det er rykter om kommende fredagslunsjer med kyllingvinger og søtpotetfries. Det er et miljø der alle tar vare på hverandre, og kommunikasjon og samarbeid er viktig. Lærerne jobber med å forebygge og løse konflikter, og de jobber aktivt for å opprettholde et positivt og balansert arbeidsmiljø.

Nokre av forbetningsforslaga:

Forbedringsområde	Kva kan me gjera	Ansvarlig
Vi setter ikke av nok tid til deling av informasjon og til å diskutere aktuelle problemstillinger i arbeidsmiljøet vårt.	Bruke 30 minutt kvar onsdag felles for å lufte kva som er viktig at alle veit om	Leiinga
Ressursutnyttelse av tirsdagstida.	Organisering av klassemøtene. Dersom miljøpersonalet ikkje er på møte så må ein bruke tida godt. Ein kan nytta tida til oppdatering på Aski Raski, Skolestudio osv,	Lærarane
Dagsplan for leiinga. Kven er kor og når?	Lærarane kan bruke kalender i outlook.	Alle
Informasjonsflyt	Rydde i årshjul. Ha ei oversikt om kva som skal gjerast når. Bruke starten fellesmøtene: til å gå gjennom kva som skal skje dei neste to vekene. Frist for karakter, iop, leirskule. Eit type vekebrev pluss, der ein	Informasjonskomite

	Sørger for at alle får med seg viktig informasjon og fristar. Oppstartsamtale for nyansatte	
Endringer i god tid.	Vera i forkant når det er mogleg med endring av timeplan og oppgåver	

Med helsing

Ingeborg Skjølingstad
Kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.02.25	04/25
Kommunestyret		
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		033

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2024 (med evt. endringar/tillegg).

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2024 til orientering.

Vedlegg: årsmelding for 2024

Saksorientering

I følge kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontroll- og kvalitetsutvalet si verksemd i 2024 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2024 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker utvalet har handsama.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontroll- og kvalitetsutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 11.02.25

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET



ÅRSMELDING
2024

BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2024. I følgje kommunelova § 23-5 skal **"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SITT FØREMÅL

Kontroll- og kvalitetsutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontroll- og kvalitetsutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret. Utvalet rapporterer og legg fram sine innstillingar direkte til kommunestyret. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret, fyrste gang i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontroll- og kvalitetsutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For perioden 2023 - 2027 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Olav Lande Rossebø (H)
Nest leiar	Anne Løvereide Faye (Uavh.)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)
Medlem	Daghild Alvestad (Uavh.)
Medlem	Sondre Tveita (Sp)

Varamedlemer

For Ap
Marit Alvestad
Tor Inge Sæbø

For Sp
June Kro

Trond Nedrebø
For Høyre

Gunn Gismarvik Hognaland
Harald Fiskaaen

Utvalsleiar Olav L. Rossebø er utvalet sin kommunestyrerepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på ett av fire møter i 2024.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Ho eller andre frå administrasjonen har delteke på alle møta i fjor.

Møta vert gjort kjent på sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no) og på kommunen sine nettsider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2024

Kontroll- og kvalitetsutvalet har hatt 4 møte, fordelt på to møte på våren og to møte om hausten. Utvalet held sine møte på Bokna Arena.

Utvalet har i 2024 hatt 26 saker til handsaming, der 4 av sakene er vidaresendt til kommunestyret. 24 saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker som har blitt handsama følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Olav Lande Rossebø, Daghild Alvestad og Hans Jørgen Ognøy deltok på fagkonferansen i regi av NKRF på Gardermoen i januar.

Hans Jørgen Ognøy og Sondre Tveita deltok på dagskonferansen i Sandnes 18.01.24.

4. KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontroll- og kvalitetsutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. I dette ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

Oppgåvene er knytt til kommunen sin eigenkontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal rekneskapsskikk og kontroll- og kvalitetsutvalet sine instruksar.

Kontroll- og kvalitetsutvalet handsama i møtet 22.05.24 kommunen sin årsrekneskap for 2023.

Årsrekneskapen viste eit netto driftsresultat på 4,5 mill. kr, som utgjør 3,2 % av driftsinntektene. Resultatet var godt over teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%.

Kontroll- og kvalitetsutvalet hadde inga merknader til rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 blei vedteken av kommunestyret i desember 2024 etter innstilling frå utvalet. Planen bygger på ein risiko- og vesentleganalyse som er utarbeida av revisor.

Forvaltningsrevisjonsrapporten om «Bokn skule - arbeidsmiljø» blei handsama av utvalet i februar og av kommunestyret i april. Det blei sett ein frist på ni månader for administrasjonen til å følgje opp revisjonen sine merknader.

Utvalet har tinga ein ny revisjonsrapport om «Integrering av flyktningar» som vil bli levert i løpet av hausten 2025.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontroll- og kvalitetsutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av si eigarskapskontroll.

Ny plan for eigarskapskontroll 2024 – 2028 blei vedteken av kommunestyret i desember 2024.

Det har ikkje blitt gjennomført eigarskapskontrollar i 2024. Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i kommunale selskap.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år eigenklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Rogaland Revisjon IKS har vore kommunen sitt revisjonsselskap frå 01.07.21. Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei *skriftleg* uttale til Kontroll- og kvalitetsutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Rogaland Revisjon IKS kom med si uttale for rekneskapsåret 2023 samstundes med godkjenning av årsrekneskapen.

Revisor hadde undersøkt etterleving av regelverket for framlegging av politiattest ved tilsettingar. Revisor hadde nokre merknader og utvalet vedtok å be om ei tilbakemelding frå administrasjonen innan 01.09.24.

Utvalet var nøgd med tilbakemeldinga frå administrasjonen som vart handsama i møtet 18.09.24.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp. Utvalet har i 2024 fått orientering frå ulike resultatområder.

5. BUDSJETT/REKNESEKAP – KONTROLL – OG REVISJON

